

TRAFIKKSikker KOMMUNE – systematisk arbeid for eit tryggare lokalmiljø

Godt trafikktryggleiksarbeid bidreg til å gi kommunen godt omdømme, færre skadar og nøgde innbyggjarar.

Då Stortinget behandla NTP 2014–2023, blei det vedteke eit etappemål om å halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken til maksimalt 500 innan 2024. Arbeidet inngår i regjeringa sitt vedtak om at trafikktryggleiksarbeidet skal baserast på ein visjon om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken – nullvisjonen. Trafikktryggleiksarbeidet er avhengig av ein brei og samla innsats der fleire sektorar er involverte for å førebyggje og redusere trafikkulykker (jf. st.meld. 16, 2008–2009). Samferdselsdepartementet har peikt på ansvaret til kommunane for å arbeide for trafikktryggleik, som blir rekna som avgjerande for at ein skal nå nasjonale mål om reduksjon i talet på drepne og hardt skadde. Kommunen er ein viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helse og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive med systematisk ulykkesførebyggjande arbeid i alle sektorar. For å lykkast må alle dei kommunale etatane involverast i arbeidet og den enkelte etatsleiaren ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga. Trygg Trafikk har utarbeidd kriterium for ein trafikksikker kommune. I løpet av perioden 2014–2017 vil dei fleste fylkeskommunane leggje konseptet Trafikksikker kommune til grunn når dei stimulerer kommunane til å arbeide systematisk med trafikktryggleik. Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjeningsordning. At ein blir godkjend, betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulykker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik. På nettsida www.trafikksikkerkommune.no finn du meir informasjon om kriteria, fleire gode døme og dei ulike lovene og forskriftene som omhandlar kommunen sitt ansvar for trafikktryggleik.

Kriterier for trafikksikker kommune:

- ✓ Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggleiksarbeidet hos ordføraren og rådmannen. Den enkelte etatsleiaren kan ha delansvar.
- ✓ Kommunen har eit utval som har ansvar for trafikktryggleik.
- ✓ Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS-/internkontrollsystemet sitt. Det inneheld reglar for reiser og transport i regi av kommunen og reglar ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Trafikktryggleik er eit årleg tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) til kommunen.
- ✓ Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskadar) i kommunen.
- ✓ Trafikktryggleik er ein del av folkehelsearbeidet til kommunen.
- ✓ Kommunen har ein trafikktryggleiksplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Inkludert i planen er både trafikantretta og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har eit godt system for å behandle søknader om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
- ✓ Kommunen har oppfylt kriteria for den enkelte sektoren